


# FANGST OG SKJELPRØVAR I EIDSELVA

## Fangststatistikk

Årlege laksefangstar har stort sett variert mellom 300 og 500 fisk, sjølv om fangstane enkeltår har vore høgare (**figur 1**, stolpar). I 2012 vart det fanga 666 laks (snittvekt 5,0 kg), som er mellom dei 5 beste resultata som er registrert i elva. Fangstane av sjøaure har stort sett auka jamt frå midt på 1980-talet, men dei siste fem åra har fangstane vore låge. I 2012 vart det fanga 186 sjøaure (snittvekt 2,8 kg), som er det nest dårligaste sidan 1980-talet. Fangstutviklinga i Eidselva dei siste 20-25 åra er mykje den same som i resten av Sogn og Fjordane (**figur 1**, linjer), noko som viser at variasjonen ikkje er styrt av lokale faktorar. I 2012 vart 40 laks og 44 sjøaure (6 og 24 % av fangsten) sett ut att i elva.




**FIGUR 1.** Fangst av laks og sjøaure i Eidselva i perioden 1969-2012 (antal, søyler). Frå 1979 er laksefangstane skild som tert (<3 kg, grøn søyle) og laks (>3 kg, blå søyle), frå 1993 er det skild mellom smålaks (<3 kg, grøn søyle), mellomlaks (3-7 kg, raud søyle) og storlaks (>7 kg, grå søyle). Linjer viser samla fangst av laks og sjøaure i resten av Sogn og Fjordane. **NB!** Fangst inkluderer både avliva og gjennutsett fisk.

## Innslag av rømt oppdrettslaks

I perioden 1999-2012 har det samla vore analysert skjelprøvar av 3716 laks og 1913 sjøaurar fanga ved sportsfiske. Etter at andelen rømt oppdrettslaks minka jamt frå 2001 og var under 3 % i 2005, auka andelen til 7,5 % i 2006-08. Etter ein reduksjon i 2009 til vel 3 %, var andelen oppe i 12 % i 2010, men nede att i under 5 % i 2011 og 3 % i 2012 (**figur 2**).

**FIGUR 2.** Antal skjelprøvar (stolpar) og andel rømt oppdrettslaks (linjer) i Eidselva 1999-2012.



## Vekst i elv og sjø

Dei fleste laks- og aureunger i Eidselva går ut i sjøen etter 2-3 år, ved ei lengd på 14-16 cm. Men over 90 % av sjøauren fanga i Eidselva har hatt eitt eller fleire år i Hornindalsvatnet før utvandring til sjø. Gjennomsnittleg smoltalder og -lengd for desse fiskane er 4 år og 31 cm. Sjøveksten er ulik for dei to artane. Medan laksen normalt veks ca. 25-40 cm første året i sjø, veks sjøauren frå Eidselva 14-16 cm og sjøauren frå Hornindalsvatnet berre 8-9 cm.

Tilveksten i havet har vore dårlig etter 2005, og dei siste fem åra har 40-60 % av smålaksfangstane (<3 kg) vore 2-sjøvinterlaks, som burde vore 3-7 kg.

For meir informasjon sjå [www.radgivende-biologer.no](http://www.radgivende-biologer.no)



Rådgivende Biologer AS

Bredsgården, Bryggen, 5003 Bergen

Tel.: 55 31 02 78 - Fax.: 55 31 62 78  
E-post: post@radgivende-biologer.no  
[www.radgivende-biologer.no](http://www.radgivende-biologer.no)